



## Notat

Dato: 23.04.2019

Arkivsak: 2014/15115-108

Saksbehandlar: mattorg

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Utval for miljø og samferdsel

---

### Kommunedelplan for Hordfast - Oversendingsforslag frå Utval for miljø- og samferdselsutvalet

Roald Kvamme (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Det vert synt til SVV sitt forslag til statleg kommunedelplan for Hordfast som er oversendt kommunaldepartementet for endeleg godkjenning.

Hordaland fylkeskommune sine innspele i høyringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017.

Fleire av innspele i er ikkje tatt omsyn til i planforslaget som no er oversendt. Dette gjeld mellom anna:

- Krav om senketunnel i Bårdsundet
- Krav om opprusting av fylkesvegnett som vert tilførselsvegar til nye E39 og at kostnadane skal vera ein del av den totale utbygginga.
- Avklaring om korleis fylkesvegferjene skal vera ein del av finansieringa av prosjektet gjennom ferjeavløysingsordninga.
- Kryssing av Langenuen i sør

Forslaget nyttar trafikktal ved opningstidspunktet på om lag 10 000 ådt. Dette talet er sett utan å ta omsyn til avvisingseffekt av bompengar. Det tek heller ikkje omsyn til målsettinga som er beskrive i høyringsrunden om at trafikkveksten skal takast gjennom styrking av kollektivtilbodet på strekninga. Det er heller ikkje nemt noko om endra prisar og ny sonestruktur for kollektivtransporten i Hordaland som gjer det svært rimeleg å reise kollektivt på det nye sambandet.

Planen omtalar heller ikkje den nye godsanalysen som er gjort for dei fire fylka på Vestlandet og kva vegstrekningar som vil få den største veksten i godstransport i åra som kjem.

Planen seier heller ikkje noko om konsekvensane av målsettinga om auka overføring av gods frå veg til bane og sjø vil få for trafikkgrunnlaget i prosjektet.

Det vil vera naudsynt å få nærmare utgreiing om dette før ein går vidare i arbeidet med reguleringsplanar. Dersom fylkeskommunen skal stilla garantiårsvar for bompengelån må det leggjast realistiske trafikktal til grunn for finansieringa.

Det er også grunn til å stilla spørsmål kring definisjonen og bruken av omgrepene felles bu- og arbeidsmarknad på aksen Bergen/Stavanger. Det må avklarast om auka pendlaravstandar og og meir reising er i samsvar med det som er beskreve rundt dette i NTP, les «Byvekstavtalar».

Desse og andre spørsmål må avklarast og oversendast kommunaldepartementet så raskt råd er og det vert bede om ei sak til fylkesutvalet den 25. april.»

Kvamme sitt forslag fekk 12 røyster (A, Sp, KrF, SV, V, MDG og H) og vart vedteke oversendt til fylkesutvalet utan realitetsbehandling